

Årsmelding

Helgheim sokneråd 2020



HELGHEIM SOKNERÅD okt. 2019-okt.2023

- Astrid Aardalsbakke Feldt, leiar
- Svein Årdalsbakke, nestleiar
- Steinar Dvergsdal
- Hildegunn Huus
- Maria Sture, skrivar
- Britt-Jannicke S. Lundal (perm.20.01.20.-.20.01.21)
- Sokneprest Silje Sørebo,
- vara: prost Reidar Knapstad. frå 20.08.20 prost Knut Magne Nesse

vara:
Erna Dvergsdal Krøke
Brita Maria Distad
Norvald Nedrebø
Annbjørg Ripe
Øyvind Magnus Solheim

Medlemmar til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd frå 2020 -2023

Astrid Aardalsbakke Feldt, - vara: Hildegunn Huus Helgheim sokn
Merete Helgheim, vara: Marta Fimreite Ålhus sokn

Medlemmar til styret for Skei Misionshus

Vidar Feldt personleg vara: Inger Veiteberg
Gerd Sunde Førde personleg vara: Kari Skrede

Rådet sitt arbeid

Helgheim sokneråd har handsama 28 bokførde saker.
Vi har handsama 45 bokførde fellessaker i lag med Ålhus sokneråd.

Av saker i 2020 nemner vi:

- Lokal smittevernsplan i høve covid-19
- Drive-in gudsteneste 1.påskedag og 17-mai
- Uttale i samband med tilsetjing av ny prost
- Vennskapskyrkjelyd i Tsjekkia
- Nytt misjonsprosjekt. Normisjon sitt arbeid i India. Prosjekt «Steinknusernes rettigheter»
- Fasteaksjon digitalt, Kirkens nødhjelp
- Dugnad på vatningsanlegget i sommar
- Vedlikehald i og omkring Helgheim kyrkje
- Parkeringstilhøve ved kyrkja i samband med ny E39
- Nytt smijarnsgjerde
- Nye benkar på kyrkjegarden
- Antependium og frontalar til lesepult og preikestol (gåve)
- Arbeid med ny utsmykking i kyrkja i form av bildevevnader (gåve)
- Oppgradering/ ny styring av lydanlegget
- Vedtak om ny liturgi frå 01.01.2021, lokal grunnordning for gudstenesta
- Soknemøte 08.11.20, i høve innføring av revidert gudstenesteordning

Faste saker kvart år: årsmelding, rekneskap, møte- og gudstenesteplanar, budsjett, offertildeling, fasteaksjon, 50-årskonfirmantjubileum, søknader om støtte, løyvingar til frivillig arbeid m.m. Grunna covid-19 vart det ikkje konfirmantfest i år.

50-årskonfirmantane har det praktiske arbeidet med mat og sosial samling. Helgheim sokneråd syter for ei nemnd av konfirmantane, som organiserer jubileet. Soknerådet syter for kyrkjekaffi.

Grunna covid-19 har det ikkje vore soknemøte ang. årsmelding 2019. Årsmeldinga vart lagt ut i kyrkja og på kyrkja si heimeside.

Arbeid i soknet

Gudstenester

2020 har vore eit annleis år også med tanke på gudstenester. F.o.m. søndag 15.mars t.o.m. 17. mai hadde vi ikkje gudstenester i kyrkjerommet pga. korona nedstenginga. Dette gjorde at ein god del av det som var planlagt av gudstenester ikkje vart gjennomført eller utsett. Samtalegudsteneste og konfirmantfest vart blant anna avlyst og konfirmasjonane utsett til september. I denne perioden hadde vi i staden publiseringar av tidebøner/minigudstenester/ salmesong på nettsidene til kyrkjelydane i Jølster (kirken.no/jolster) og på facebookside (kyrkjene i Jølster). Kantor Rune Molvik sto for både musikk, filming og redigering. Prestane deltok med liturgi, song og tekstlesing. Fleire av

gudstenestene dette året har vore feira på parkeringsplassen utanfor Helgheim kyrkje der Steinar Dvergsdal har bidrege med å setje opp tilhengjar som scene.

Etter gjenopninga kunne vi i første omgang berre vere 50 deltakarar på gudstenester. Dette gjorde at vi ikkje kunne ha dåp i dei vanlege gudstenestene, og det vart halde ein god del eigne dåpsgudstenester frå slutten av mai, i juni og i byrjinga av juli.

Mykje av hausten var det lov å samle opp mot 200 personar til offentlege arrangement. I Helgheim kyrkje var det mogeleg å samle opp mot 100 når ein skulle ta omsyn til reglane om avstand. Frå søndag 8. nov, var maks talet igjen nede på 50 personar ved gudstenester, noko som gjorde at nokre justeringar måtte til i forhold gudstenesteplanane for advent og jul.

Trass i eit uvanleg år har vi fått gjennomført mykje av det vi hadde planlagt av gudstenester i løpet av hausten. Soknerådsmedlemmene har stilt enda oftare opp som kyrkjevertar ved gudstenester slik at dei har vore to kvar gong. Dette har gjort at vi har kunna fylgje opp smittevernreglane på ei trygg og god måte. Konfirmantmedhjelparar har også vore til god hjelp her. Kyrkjekaffi har vi hatt i periodar, og då har det vore soknerådsmedlemmene som har stilt opp og sørnga for at dette har vore gjort på ein forsvarleg måte i høve smittevern.

Nattverdsgudstenester har det ikkje vore så mange av i løpet av dette året. Smittevern har gjort at det i periodar ikkje har vore tilrådd å feire nattverd.

Klokkarane har ei viktig oppgåve under gudstenesta. Vi er glade for å ha personar som stiller opp å gjer klokkarteneste på dugnad. Både Maria Sture, Karen Elise Erikstad og Solrunn Dvergsdal har gjort teneste som klokkarar dette året.

Ved dåpsgudstenester har fadrane delteke aktivt i gudstenestene, bl.a. med skriftlesing.

Jølster har også mange gode song- og musikk krefter som har bidrege ved fleire av gudstenestene (sjå kyrkjemusikalsk arbeid).

Utanom nedstenginga i vår og i sommarferien, har det vore tidebøner kvar tysdag på Vassenden kyrkjesenter kl.11, med ein kort liturgi (gjerne bønner som vert lesne som veksellesing og lesing frå Bibelen) salmesong og orgelmusikk. I haust tok ein blant anna for seg Fillipparbrevet ved desse tidebønene. Etter tidebøna har vi hatt kaffi og prat. Her har også personar frå Helgheim sokn vore til stades.

Av gudstenester med spesielt inviterte, eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- Familiegudstenester i samband med trusopplæringstiltak (sjå nedanfor under trusopplæring).
- Gudsteneste i grendahuset i Stardalen i februar
- Folkemusikk-gudsteneste i Kjøsnesheugen med markering av Skaparverkets dag.
- Gudsteneste med konfirmantpresentasjon og jubileum for 50 års – konfirmantar
- Skulegudsteneste før jul for heile Skei skule
- Nattverdsgudstenester på omsorgssenteret (2 stk. før ned stenginga i mars)
- Minnegudsteneste på Helgemesse der dei som har mista nokon sidan sist helgemesse er inviterte

Av gudstenester som pga. av koronasituasjonen har vore gjennomført på ein annan måte eller kome i tillegg til den opprinnelege planen, kan nemnast:

- Eigne dåpsgudstenester
- Digitale publiseringar i april og mai

- Drive – in gudsteneste på 1. påskedag på parkeringsplassen ved Helgheim kyrkje. Denne og påskeplasket vart dekkja av NRK.
- Drive- in gudsteneste 17. mai på parkeringsplassen ved Helgheim kyrkje
- Lysmesse 1. søndag i advent med alle konfirmantane og speidarane i Jølster vart ikkje på grunn av korona, i staden vart det lysmesse 13. desember (Luciadagen) på parkeringsplassen utanfor kyrkja. Speidarane og konfirmantane frå Helgheim sokn deltok (Ålhuskonfirmantane hadde si eiga lysmesse på kyrkjesenteret).
- Adventgudsteneste 2. søndag i advent i grendahuset i Førse kunne heller ikkje gjennomførast pga. korona. Dette vart ei adventsgudsteneste i Helgheim kyrkje i staden.
- På veslejulaften var det open kyrkje med julesong som eit supplement til tilbodet på veslejulaften
- På julaften vart det feira to julegudstenester i staden for den eine som vi normalt feirar. Det var påmelding til desse gudstenestene.

Anna arbeid/ andre arrangement i regi av soknet

- Fasteaksjon i april vart gjennomført digitalt. Det kom inn kr 12000,-
- Frå påske til pinse var ein påskevandring utstilt på Helgheim kyrkjegard med bibeltekster og kunstbilete. Denne utstillinga kjøpte dei to sokneråda i lag, og kan i 2021 setjast opp i Ålhus sokn
- Barn i Jølster vart før påske inviterte til å sende inn regnbogeteikningar for håp til kyrkja i Jølster.
- Utanom skulegudstenesta før jul, var 7. klasse ved Skei skule på kyrkjebesøk i Helgheim kyrkje i juni. Tema for besøket var kyrkjebygg/arkitektur, kunst og symbol, knytt til gudstenestefeiring og høgtider.
- Det vart inga fellessamling for alle barnehagane i soknet før jul pga. av smittevernomsyn, men avdelingane i Skei barnehage fekk besøk av prest der dei fekk synge julesongar og høyre og sjå juleevangeliet med hjelp av handdokker. Stardalen barnehage hadde eit eige julebesøk i Helgheim kyrkje.
- Under nedstenginga i vår kunne vi ikkje ha andakter eller nattverdsgudstenester ved omsorgsenteret på Skei, men både før og etter nedstenginga har det vore andakter/songstunder ca. 1 gong i månaden. 17. mai og i samband med pinse vart desse haldne ute i sansehagen, men på hausten har dei igjen vore inne på stova. Nattverd har vi ikkje hatt på omsorgsenteret utanom to nattverdsgudstenester i januar og februar. I haust har det dessverre heller ikkje vore mogeleg å ha med dei frivillige hjelpearane som tidlegare har vore til veldig god hjelp i samband med andaktene fordi det ikkje kan vere meir enn to personar som kjem på besøk utanfrå. Vi har heller ikkje hatt lov til å invitere inn dei eldre frå omsorgsbustadene. Koronasituasjonen har altså gjort at vi ikkje har kunne samle like mange til desse andaktene/songstundene som tidlegare.

- Ein del andakter og preiker har dette året blitt publisert skriftleg på sunnfjordkyrkja.no og kirken.no/jolster, samt på facebook-sidene til kyrkjelydane (kyrkjene i jolster). Fleire av prestane i kommunen har bidrege til dette.
- Takk til Rune for formidling av kyrkja og presten sitt arbeid ved å legge ut vitjing i lammefjøs m.m.
- Verken kyrkjelydstur eller juletreffest vart gjennomført dette året pga. covid-19
- Helgheim sokn gjorde dette året avtale med Normisjon om misjonsprosjekt i India. Der støttar vi eit prosjekt som heiter «Steinknusernes rettigheter» som handlar om å betre levevilkår for fattige arbeidarar i Steinindustrien og demme opp for dei negative ringverknadane som steinindustrien har på naturen. Vi har hatt to ofringar til dette prosjektet. Avtalen går ut i 2024 og då vil soknerådet gjere nytt vedtak om misjonsavtale.
- Helgheim sokn er Grøn kyrkjelyd
- Helgheim sokn har vennskapskyrkjelyd i Krizlice i Tsjekia

Arrangement i regi av andre

- Julekonsert i kyrkja med aktørar frå Sogndal
- Silje prest feira sin 40-års dag med konsert i kyrkja.

TRUSOPPLÆRING/ BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kontinuerleg arbeid

Helgheim sokn har

- Søndagsskule i Haugtun i Stardalen leia av Inger Veiteberg. Det var tre samlingar før korona med 10 barn innom. Etter korona har det ikkje vore samlingar, men det har vore delt ut søndagsskuleblad
- Torsdagsklubb på misjonshuset Skei (søndagsskule på kvardag) med Vidar og Astrid Feldt som leiarar. På søndagsskule og torsdagsklubb er det bibelforteljing, song, formingsaktivitet og leik. Konfirmantar hjelper til. Torsdagsklubben på Skei har hatt ein god oppsving. Det har dette året vore 8 samlingar, fire før korona og fire i haust. Det har i snitt vore 32 barn på samlingane samt ein god del vaksne. Det har vore 53 ulike barn innom i 2020.
- Speidargruppe på Skei (Jølster KFUK-KFUM-speidarar). Hovudleiar for gruppa er Åse Britt Øygaard. Andre leiarar er Svein Årdalsbakke, Mona Årdalsbakke, Dagrún Thingnes, Stian Årdalsbakke, Kari Skrede, Nils Einar Kjøsnes, Henny Børset Klakegg, Karl Martin Loe Reed, Inger Anne Husevåg (delvis permisjon), Marte Dvergsdal (delvis permisjon). Speidargruppa på Skei har no ca. 100 medlemmer. Det er stor aktivitet og samlingar kvar onsdag, om det ikkje har vore tur i helga. Under nedstenginga var det sjølvsagt heller ikkje speidaraktivitet, men elles har speidargruppa klart å gjennomføre mykje aktivitet også dette annleis-året med mykje utesamlingar og inndeling i klassekohortar.

- Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er svært viktig for kyrkjelyden og for nærmiljøet. Leiarane legg ned ein formidabel innsats og mange av dei har stått i dette arbeidet gjennom lang tid. Speidargruppa har kommunisert til soknerådet at dei med så mange medlemmer og med så høg aktivitet, gjerne kunne hatt fleire leiarar. Om du sjølv kunne tenkje deg eller kjenner andre som kunne vore utfordra, må du gjerne melde frå til nokon av speidarleiarane.

Tidsavgrensa tiltak

Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eitt trusopplæringstilbod. Dessverre har ikkje alt blitt gjennomført dette året på grunn av korona.

Prestane gjennomførte dåpssamtalar med alle dåpsforeldre.

Alle døypte får dåpslys, dåpsplakat og dåpsforeldra får ei dåpsbok for foreldre som heiter Arvegull. I kyrkja har vi fått eit dåpstre, der vi heng opp ei lita tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna og dua vil seinare bli gitt tilbake til barnet.

For babyar med foreldre har det vore babysong på Vassenden kyrkjesenter annakvar torsdag, og soknepresten har leia samlingane, medan Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat. På grunn av korona har ein del samlingar blitt avlyst, men det har vore gjennomført ca. 10 samlingar. Dette tilbodet er felles for heile Jølster. Det har ikkje vore så mange babyar i Jølster denne hausten og oppmøte har ikkje vore så stort som året før (i snitt ca. 4-5 babyar med mødre)

2 og 3 –åringar frå heile Jølster vart invitert til «Trygg til natta»-gudsteneste på Vassenden kyrkjesenter i mars. Samlinga vart utsett til november pga. nedstenginga. Men koronasituasjonen gjorde at ein del av dei som hadde tenkt å komme meldte avbod. Det var fokus på kveldsbøner og kveldssongar, og barna fekk utdelt dåpsduene med dåpsdato på og plakat med «Eg faldar mine hender små».

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim var laurdagssamling på Skei misjonscenter og gudsteneste med bokutdeling på søndagen i Helgheim kyrkje. Dei aller fleste av 4-åringane i soknet møtte ved dette.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest i Ålhus kyrkje der dei fekk utdelt matboksar med «O du som metter liten fugl» og plakat med ulike bordbøner. Pga. av korona vart det ikkje grilling og aktivitet ved kransen 4H i prestegarden etter gudstenesta, men vi hadde loddtrekning av grønnsaker til inntekt for misjonsprosjektet og natursti rundt på kyrkjegarden etter gudstenesta. Det var stort oppmøte av 5 åringar frå Helgheim sokn på denne gudstenesta og ikkje fullt så mange frå Ålhus sokn.

Samlingane for 6-åringar og gudstenestene med bokutdeling hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim var det ei samling etter skuletid. 6-åringane fekk ulike oppgåver i gudstenesta der dei også fekk utdelt bok.

6- og 7-åringane fekk i år ikkje innbyding til noko juletreffest pga. korona.

Påskesamlingar for 8-åringar har Helgheim og Ålhus kvar for seg, med felles familiegudsteneste med utdeling av barnesalmebok palmesøndag i Helgheim kyrkje. Også i år vart barna invitert til ei samling etter skuletid på Skei misjonshus og felles gudsteneste, men vi måtte avlyse pga. restriksjonane.

Tårnagenthelga for alle 9-åringar i Jølster er stasjonert i Helgheim kyrkje. Tårnet, kyrkjeklokkene og kyrkja sin bursdag er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og søndag. Diverre var det pga. smittesituasjonen i år ikkje mogleg å invitere.

Kode B: 10-åringane vart invitert til ei kvardagssamling etter skoletid på Skei misjonshus og utdeling av «Det nye testamentet. Friluftsutgåve» i familiegudsteneste i Helgheim kyrkje. På gudstenesta deltok barna på mange ulike måtar.

Alle 10- og 11-åringar frå heile Jølster vart invitert til Lys Vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter. Planen var å overnatte frå laurdag til søndag, og barna skulle delta på gudstenesta på søndag i lag med foreldra. Også dette tiltaket måtte avlysast på kort varsel pga. koronasituasjonen.

Oppslutning om konfirmasjon er framleis høg. Konfirmantopplegget for kullet som skulle konfirmerast i 2020 vart dessverre noko amputert på grunn av korona. Konfirmantleiren på Alværa misjonssenter vart avlyst. Det vart også samtalegudsteneste og konfirmantfest og konfirmasjonane vart utsett til september. Konfirmantprest Carsten Langeland gjennomførte i staden ein til ein samtalar med kvar enkelt konfirmant.

I mai og juni gjennomførte Carsten enkeltsamtalar med nye konfirmantar og foreldre. I august, veka før skulen, vart det, som i dei to tidlegare åra, arrangert introkurs for nye konfirmantar. Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagtid gjennom fire dagar. Dei var både på Vassenden kyrkjesenter, Skei misjonshus, Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilgrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje.

Nattcup i oktober vart avlyst, men konfirmantane har hatt tre klubbkveldar utover hausten. Elles har konfirmantane vore medhjelparar ved gudstenester og torsdagsklubb. I adventstida hadde konfirmantane i Ålhus sokn lysmesse som vart filma og publisert på nettet, medan konfirmantane i Helgheim sokn deltok på lysmesse utanfor Helgheim kyrkje i lag med speidarane. Foreldre hjelper også ved dette kullet til med servering av mat ved samlingar. No denne våren ventar m. a. konfirmantleir på Alværa, men det gjenstår å sjå kva som kan gjennomførast i desse tider.

Dei som vart konfirmerte i september vart i haust inviterte til ei samling ved Førde kyrkjetun. Her fekk dei tilbodet om å vere med vidare i kyrkjelydsarbeidet som hjelpeleiarar eller gudstenestemedhjelparar. Ingen frå Helgheim sokn møtte på dette.

Trusopplæringsutvalet, trusopplærar, soknerådsmedlemmer, prestar, kantor, foreldre, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet.

Representantar i trusopplæringsutvalet frå Helgheim sokn er Inger Birgitte Kjøsnes, Karen Elise Erikstad, Silje Sørebo, Rune Molvik og Ute Lindner.

Skei Misjonshus

Misjonshuset er viktig for det frivillige arbeidet i soknet og er i praksis Helgheim sokn sitt kyrkjelydshus. Soknerådet vel to medlemmer til styret, med to vararepresentantar. I 2020 var dette Vidar Feldt, med vara Inger Veiteberg og Gerd Sunde Førde med vara Kari Skrede

Kyrkjemusikalsk arbeid

I Corona-året 2020 vart det meste av planar lagt på is. Det har likevel vore gjort noko ekstra av det musikalske i nokre av samlingane i kyrkjelyden. Det kan nemnast at i høve stengde kyrkjer i påska, vart det laga videoandakter som folk kunne sjå på internett. Dette vart såleis noko nytt, og der salmar og kyrkjemusikk vart løfta fram på ein ny måte, og som ikkje har vore gjort før i vår samanheng.

Til konfirmasjonen i september var lokale krefter med å sette festpreg på samlingane. I desember var det fleire konsertar i kyrkjene, med tilreisande og lokale aktørar. Den tradisjonelle julekonserten i Helgheim kyrkje vart avlyst.

Dette året skulle sokneråda i samarbeid med prest og kantor velje ny liturgisk musikk til bruk i gudstenesta. Det kunne veljast frå tre ulike seriar. I arbeidet med dette vart det laga til songkveldar, der folk vart oppfordra om å møte opp for å smake på dei nye melodiane. Det skulle takast stilling til val av nye tonar til: *Kyrie, Gloria, Heilag, (Sanctus) og Du Guds Lam (Agnus Dei)* Songkveldane var lagt opp slik at folk fekk høyre og prøvesmake dette nye. Det vart gjeve høve til å kome med tilbakemelding på dei nye melodiane, såleis vart dette ein prosess der mange fekk vere med å peike ut kva som skulle veljast.

Vi enda opp med serie nr 2 (Allmenn serie) som inneheld melodiar laga av nolevande komponistar (Mari Tesdal Hinze, Magnus Beite, Torbjørn Dyrud og Tore W. Aas) – komponert i perioden 2011-2018. Vi held oss såleis i eit nyare, notidig musikkuttrykk. I prosessen med val av ny liturgisk musikk, var det ei målsetting å få mest mogleg lik musikk i gudstenestene i heile det nye fellesrådsområdet i Sunnfjord. Dei nye melodiane vart prøvd ut i fleire gudstenester hausten 2020, og tilbakemeldingane frå kyrkjelyden er at dei nye melodiane er gode å synge. Frå januar 2021 vert dei nye melodiane brukt fast i alle gudstenester i soknet. Sokneråda vedtok også at Vår Far (Fader Vår) skal syngast i gudstenesta, dette har også vore gjort i dei fleste gudstenester hausten 2020.

Informasjonsarbeid

I vår vart dessverre «Det skjer» i Firda nedlagt. Dette har vore ein viktig kanal for å nå ut med det tilbodet som vi har i kyrkja. Heldigvis fekk prostens ilag med kyrkjevevja til ein avtale med Firda i haust om at avisa tar inn ei gudstenesteliste kvar helg mot ei symbolsk betaling, men i denne lista får vi berre inn gudstenestestad og tidspunkt og ikkje noko meir om kva gudstenesta inneheld og heller ikkje anna aktivitet i kyrkjene. Dette gjer vi må bruke andre kanalar for å nå ut til folk med kva som skjer i kyrkjene enda meir aktivt. Hyrdingrøysta vil framleis vere ein viktig kanal, i lag med plakatar, nettside og facebookside. Sekretær Torill sørger for at nettsida (kirken.no/jolster) og facebookside (kyrkjene i jolster) stadig er oppdatert om kommande arrangement, men det er også viktig at soknerådsmedlemmer og andre i kyrkjelydane er med å gjere arrangementa kjent og dele på facebook.

Hyrdingrøysta

Redaksjon: Hallstein Dvergsdal, Hildegunn Huus og Bjørg Dvergsdal

Soknerådet vil takke alle for godt utført arbeid.

Det er eit innhaldsrikt blad med mange interessante innslag.

Det er gjort ein flott dugnadinnsats for å få bladet ut til alle innbyggjarane i Jølster. Dette har sikra økonomien i bladet.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd har teke over rekneskapen til Hyrdingrøysta

Økonomien i bladet er bra. Framleis er det få i høve til kor mange som får bladet, som betalar friviljug kontingent . Det har vore til god hjelp at mange har vore viljuge til å køyre rundt i grendene og leggja bladet i postkassane. Har på den måten spart utgifter til porto. Dette tiltaket er med å sikra økonomien til bladet.

Tusen takk til dykk for denne viktige dugnaden.

Hyrdingrøysta - budsjett 2020				
Konto		Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Merknader
31302	Porto	8 000	13 670	Porto 2020: for sending til abonnentar utanfor Jølster
31303	Gebyr		51	
32700	Trykking	76 000	29 250	Trykking 2020: 11.700x4 + rest 29250 frå 2019
33400	Refusjon løn til fellesrådet	39 000	39 000	
	Sum utgifter	123 000	81 971	
36100	Bladpengar	-110 000	-109 100	
36200	Reklameinntekter	-25 000	-27 000	7.000 av reklameinnt. i rekneskapen for 2019 er frå 2018
38600	Offer		-8 114	
38700	Minnegåver		-4 000	
39009	Renter		-24	
	Sum inntekter	-135 000	-148 238	
	Resultat (overskot)	-12 000	-66 268	

13.3.2021

Budsjettkontroll

Budsjettkontroll

	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett	Budsjettendring
400 Hyrdingrøysta	0	0	0	0	0
04479 Kyrkjelydsblad	0	0	0	0	0
Utgifter	122 174	135 000	12 826	135 000	0
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	1 386	0	-1 386	0	0
31302 Porto	10 647	8 000	-2 647	8 000	0
31303 Banktenester, gebyr	2	0	-2	0	0
32700 Kjøp av tenester, konsulentten...	76 050	76 000	-50	76 000	0
33400 Refusjon til fellesråd	33 589	39 000	5 411	39 000	0
33700 Refusjon til andre	500	0	-500	0	0

13.3.2021

Budsjettkontroll

	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Budsjett	Budsjettendring
35800 Rekneskapsmessig mindreforb...	0	12 000	12 000	12 000	0
Inntekter	122 174	-135 000	-12 826	-135 000	0
36100 Betaling frå deltakarakar	-93 490	-110 000	-16 510	-110 000	0
36200 Sal av varer og tenester, gebyr...	17 800	-25 000	-7 200	-25 000	0
39009 Renteinntekter	-13	0	13	0	0
39500 Bruk av bundne fond	-10 871	0	10 871	0	0

Statistikk

Helgheim sokn	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Innmelde i kyrkja	0	1	0	0	1	
Utmelde av kyrkja	2	0	0	0	6	
Døypte	11	18	20	17	16	11
Døypte heimehøyrande i soknet	6	12	18	13	12	9
Vigde	1	1	2	5	3	2
Gravlagde	17	17	14	11	15	16
Konfirmerte	15	16	11	16	12	11
Tal gudstenester søn- og helgedagar	25	35	37	36	40	38
Deltakarar på gudstenester	1410	3300	3347	3500	3144	3029
Gudstenester med nattverd	8	14	15	14	24	18
Nattverdsgjester	205	290	311	383	739	453
Familiegudstenester	4	7	7	7	5	6
Deltakarar	305	524	603	436	462	828
Julevandring for barnehagane	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	50	50				
Skulegudsteneste	1	1	1	1	1	1
Deltakarar	80	150	180		151	138
Musikkgudstenester	1	2	1	3	1	2
Deltakarar	50	500	300	130	380	420
Soknebod	2	4	0	2	2	
Offer / kollekt i kyrkja	44368	104251	100825	100716	106088	83849

Kyrkjelyden har i samarbeid med Ålhus sokn publisert mange digitale tidebøner/gudstenester/salmesong. Men ingenting av dette var streama, men opptak. Difor er det ikkje rekna med under punktet eventuelle koronatiltak.

Tre av gudstenestene i Helgheim kyrkje har vore på parkeringsplassen utanfor pga. korona. Men desse er registrert som gudstenester i Helgheim kyrkje

Bygg og Anlegg

Kyrkjegarden er godt vedlikehalden. Takk til alle som steller gravene. Driftsleiar Helge Årdal og sommarhjelparane har gjort eit godt arbeid. Vi får stadig gode tilbakemeldingar på at kyrkjegarden er velstelt.

Større arbeid utført i 2020:

- Nytt smijarnsgjerde
- Nye benkar på kyrkjegarden

Rekneskap 2020

Rekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk/overskot på kr 17.748,15, og soknerådet har vedteke å overføra dette til soknerådet sitt fond.

Det er nokre avvik mellom rekneskap og budsjett. På inntektssida er grunnen at det er fakturert og innbetalt konfirmantavgift for to konfirmantkull dette året. På utgiftssida dreier det seg i hovudsak om at det er utbetalt mindre i tilskot/gåver enn budsjettet, og at nokre av dei budsjetterte utgiftspostane i staden er utbetalt som refusjon til Ålhus sokn, som har forskottert utgiftene for heile Jølster.



Regnskapsskjema - Drift

8 Helgheim sokn - 2020

15.02.2021

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
Inntekter			
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	22.000,00	13.000,00	13.000,00
Salg av driftsmidler/fast eiendom	0,00	0,00	0,00
Refusjoner/overføringer	2.800,00	3.000,00	3.000,00
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00
Statlige tilskudd	0,00	0,00	0,00
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	0,00	0,00	0,00
Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	0,00	0,00	0,00
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	78.018,60	75.000,00	75.000,00
Sum driftsinntekter	102.818,60	91.000,00	91.000,00
Utgifter			
Lønn og sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tjenester	30.593,90	40.000,00	40.000,00
Refusjoner/overføringer	20.261,90	7.000,00	7.000,00
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00
Tilskudd og gaver	26.341,30	40.000,00	40.000,00
Sum driftsutgifter:	77.197,10	87.000,00	87.000,00
Brutto driftsresultat:	25.621,50	4.000,00	4.000,00
Renteinntekter og utbytte	6.337,00	4.000,00	4.000,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter og låneomkostn.	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00
Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	0,00	0,00
Netto finansinntekter/-utgifter	6.337,00	4.000,00	4.000,00
Avskrivninger	0,00	0,00	0,00
Motpost avskrivninger	0,00	0,00	0,00
Netto driftsresultat	31.958,50	8.000,00	8.000,00
Interne finansieringstransaksjoner:			
Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	15.409,65	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	15.409,65	0,00	0,00
Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	3.397,75	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	26.222,25	15.000,00	15.000,00
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	29.620,00	15.000,00	15.000,00
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKUDD)	17.748,15	0,00	0,00
REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK (UNDERSKUDD)	0,00	7.000,00	7.000,00

Førde, 15.02.21
Tone Myklebust

Terje Guddal

Soknerådet hadde disse fonda pr. 31.12.2020:

Fond Helgheim sokn	258.447
Fond messehakel	22.997
Helgheim blomfond	54.568
Anne M. Sunde minnefond	1.408.627



Regnskapsskjema - BALANSE

8 Helgheim sokn - 2020

15.02.2021

	Regnskap 2020	Regnskap 2019
EIENDELER:		
Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	0,00	0,00
Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	17.512,71	12.861,71
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	1.764.996,35	1.727.842,15
SUM EIENDELER:	1.782.509,06	1.740.703,86
EGENKAPITAL OG GJELD:		
Egenkapital		
Disposisjonsfond	0,00	0,00
Bundne driftsfond	1.744.639,21	1.733.826,61
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk (Udisp. overskudd)	17.748,15	0,00
Regnskapsmessig merforbruk (Uinndekket underskudd)	0,00	-3.397,75
Udisponert i inv.regnskapet	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	0,00	0,00
Gjeld		
Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	20.121,70	10.275,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	1.782.509,06	1.740.703,86
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Førde, 15.02.21
Tone Myklebust

Terje Guddat



Tilsette

På grunn av kommunesamanslåinga vart Ålhus og Helgheim sokn frå 1. januar 2020 ein del av Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Dette har ført til at mange av dei fellesrådstilsette har fått endringar i arbeidsoppgåvene sine og må i større grad ta oppdrag i heile den nye kommunen. Her merkar vi at det framleis ikkje er så lenge sidan samanslåinga og at ein del arbeid med å forme den nye organisasjonen og lage stillingsinstruksar står att. Hildegunn Huus har vikariert for kyrkjetenar i haust.

Tilsette:

Silje Sørebo	Sokneprest (i 50% fram til september 2020, deretter i full stilling)
Carsten Langeland	Prest med hovudansvar for konfirmantar (vikar for Silje i 50% fram til sommaren 2020, og i ca. 25% hausten 2020)
Inger Hageberg Øvrebø	Kyrkjeverje
Helge Årdal	Driftsjef/kyrkjetenar 80%
Rune Molvik	Kantor 70%
Ute Lindner	Trusopplæringsleiar/kateket – 40 %
Toril Øye	Sekretær - 40%
Janne Molvik	Kyrkjetenar 30%

Sluttord

Dette året har vore spesielt grunna covid-19, men dette har også fått oss til å vere kreative med tanke på utegudstenester. Vi ser fram til å møtast «som før» i kyrkja, men i mellomtida må vi fortsette å nytte dei høva vi har til å møtast.

Gudstenestene er det sentrale arbeidet i kyrkjelyden. Vi set pris på frammøtet i kyrkja, både dei som kjem ofte til gudsteneste og dei som kjem sjeldnare.

Vi er glade og takksame for at vi også dette året har fått til mykje i og omkring kyrkja vår. Kyrkja betyr mykje for mange. Vi er overvelda og svært takksame for alle gåvene til kyrkja. Ei spesielt stor gåve har ført til at vi ønskte oss kyrkjekunst inne i kyrkja. Riksantikvaren har godkjent søknaden vår om ny utsmykking i form av bildevevnader (gåve) og Jølster Design er i gang med å veve åtte bilete, fire til kvar side i kyrkjerommet.

Det er ofte folk å sjå på kyrkjegarden og fleire har gjeve uttrykk for at det er bra med nye og fleire benkar der.

Helgheim sokneråd vil rette ei stor takk alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned eit stort frivillig arbeid.

Takk for all omsut og forbøn for kyrkja og kyrkjeleg arbeid i Helgheim sokn.

*For Helgheim sokneråd –
Astrid Aardalsbakke Feldt*